



## SAKSFRAMLEGG

--	--	--

<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>ArkivsakID</b>
Rikke Haagensen		23/783

### KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2023 - VAL AV RØYSTESTYREMEDLEMMER OG VALMEDARBEIDARAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valde til røystestyremedlemmer/valmedarbeidarar:

<b>01 Dale</b>	<b>02 Vaksdal</b>	<b>03 Eidsland</b>
<b>Røystestyre</b>	<b>Røystestyre</b>	<b>Røystestyre</b>
Ståle Hesjedal, leiar	Heidi Rongved, leiar	Jahn Olav Nordheim, leiar
Svein Ove Hesjedal, nestleiar	Ove Amundsen, nestleiar	Torleif Lode, nestleiar
Sølvi Legård, medlem	Gunnhild Boge, medlem	Rannveig Neset, medlem
<b>Valmedarbeidarar:</b>	<b>Valmedarbeidarar:</b>	<b>Valmedarbeidarar:</b>
Ingelin Birkeland	Edith Pedersen Erstad	Liv Edith Lavik
Birger Johannes Kvamme	Odd Arild Faugstad	Lisbeth Gammersvik
Wenche Marie Helle	Irving Sæterdal	
Marie Brit Bjerke	Siv Sæterdal	
Marit Hesjedal	Linda Lien	
Jørn Helle	Anne Christin Eide	
Olaug Fagerbakke	Oddvar Olsnes	
Lisbeth Skorpen	Linda Ulveseth Fossmark	
Jarle Johnsen	Bjørn Øyvind Krogsrud	
Britt Torunn D Klever	Oliver Gravermoen	
+ 3-4 personar som sekretæren får fullmakt til å oppnevne.		

Dersom det er behov for det, kan valmedarbeidarane nyttast om kvarandre, dvs. dersom det er problem med for få valmedarbeidarar i eit røystelokale, kan personar frå eit anna lokale nyttast.

### Saksopplysningar:

I kvart vallokale skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Røystestyret skal ha minst 3 medlemmer. Kommunestyret har delegert til valstyret å velje medlemmer samt

leiar/nestleiar til røystestyra.

Reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld også for val av røystestyre. Også reglane om kjønnsrepresentasjon. I tillegg må medlemmene i røystestyra vere manntalsførte i kommunen. Det er ikkje eit krav at val av røystestyre skal skje blant personar som bur i vedkomande røystekrins.

Som ved førre val vert det føreslått å velje eit røystestyre på 3 medlemmer i kvar krins og eit antal valmedarbeidarar i tillegg. Dette har ikkje noko praktisk betydning, anna enn at ein ikkje treng ta omsyn til lovkrava for andre enn røystestyremedlemmene. Røystestyret er ansvarlege for gjennomføringa av valet på valdagen, og kallar inn det antalet valmedarbeidarar det er trong for.

Kandidatar som er oppført på valliste ved kommunestyrevalet, kan ikkje oppnemnast til røystemottakar eller valfunksjonær i vallokala i kommunen. Kandidatar som er oppført på valliste ved fylkestingsvalet, kan ikkje oppnemnast til røystemottakar eller valfunksjonær i vallokala i vedk. valdistrikt. Dette er heimla i vallova § 9-3 (4).